



Tyark AS
Strandgaten 19
5013 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/2456 - 21/20376

Saksbehandlar:
Marianne Aadland Sandvik
marianne.aadland.sandvik@alver.kom
mune.no

Dato:
23.03.2021

Tilbakemelding etter møte - gbnr 323/567 Elvaåsen

Viser til møte på Teams den 19.2.2021 der det vart diskutert skilje og samanheng mellom byggesak og VA-forvaltning i sak som gjeld ny VA-rammeplan for Elvaåsen. Ansvarleg søker vart i etterkant av møtet orientert om at byggesak sender ei oppdatering om kva som står att for å få slutført utbygginga med ferdigattest etter plan- og bygningslova, og at VA-forvaltning sender tilbakemelding på spørsmål knytt til vidare arbeid med revidert VA-rammeplan. Vi beklagar at tilbakemelding frå byggesak kjem seint.

Bustadane i Elvaåsen vart godkjent oppført og plassert på bakgrunn av godkjent VA-rammeplan. Det same vart søknad om løyve til opparbeiding av utomhusarealet, inkl veg og VA. I etterkant viser det seg at området ikkje er prosjektert og bygd ut etter godkjent VA-rammeplan og godkjent byggeløyve. Før dette var kjent hadde dei fleste av bueiningane fått ferdigattest, og nokre bruksløyve, basert på dokumentasjon som tilsa at tiltaka var oppført i samsvar med gitt løyve. Det er ikkje gitt bruksløyve eller ferdigattest til opparbeiding av utomhusarealet.

Dei bueiningane som er ferdige, men som ikkje har fått ferdigattest, har foreløpig bruksløyve. Ferdigattest kan ikkje gis før det er gitt ferdigattest til utomhusarealet. BK05 er ikkje ferdigstilt, og det vil ikkje bli gitt bruksløyve til desse bueiningane før det er gitt ferdigattest til utomhusarealet.

For å få fullført utomhusarealet, må det sendast inn revidert VA-rammeplan for godkjenning av Alver kommune v/VA-forvaltning. Når rammeplanen er godkjent, må det søkjast om endring av gitt byggeløyve til opparbeiding av utomhusarealet. Når ferdigstilling i samvar med gitt løyve er dokumentert, og kommunen v/veg har godkjent opparbeiding av veg regulert til offentleg veg og VA har gitt ferdigmelding for tilkopling til det offentlege anlegget, er det grunnlag for å gi ferdigattest til utomhusarealet.

Når det er gitt ferdigattest til utomhusarealet, kan det gis ferdigattest til resterande bustadar i Elvaåsen.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Marianne Aadland Sandvik
Avdelingsleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Tyark AS

Strandgaten 19

5013 BERGEN